



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2014-15

SKULE: _____

<i>Nøkkeltal GSI .2014-15</i>		
	Tal	Evt. kommentar
Elevtal skule	360	
Elevtal SFO	154	
Tal lærarar	32	
Årsverk ped. Personale	27,3	
Assistentar, årsverk	8	
Årstimar utført av undervisningspersonale	17974	
Årstimar gitt til ordinær undervisning	12768	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	3021	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	100/100	

<i>Læringsmiljø</i>		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Elevundersøkelsen		Sagstad skule har skuleåret 2014/2014 positiv utvikling på alle indikatorane og nøkkeltala i elevundersøkinga.
Betre læringsmiljø		Satsingsområda frå Betre Læringsmiljø vert vidareført. <ul style="list-style-type: none">- klasseleiing- relasjonar- reglar og konsekvensar- læringstrykk Sagstad skule har fokus på klasseleiing og reglar og konsekvensar.

Zero	Det overordna målet er ein nullvisjon når det gjeld talet på elevar som opplever at dei vert mobba. For å nå dette har vi arbeidd med kompetanseheving i personalet og utarbeiding av handlingsplan mot mobbing.	Handlingsplanen er vedtatt i SU og er i aktiv bruk. Resultatet frå elevundersøkinga skuleåret 2014/2015 visar framleis ein nedgang i andelen elevar som opplever seg mobba på skulen.
Trivselsprogrammet	Vidareføre trivselsprogrammet	Trivselsprogrammet er ein viktig del av skulen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing. Det at alle elevane har noko å gjere på i friminutta medverkar til at resultatata på elevundersøkinga går riktig veg. Trivselsprogrammet er og viktig i høve til regelmessig fysisk aktivitet.
Fysisk skulemiljø inne		Skulen er meir eller mindre full. Vi har vanskar spesielt i høve til grupperom. Vi ser fram til utbygginga.
Fysisk skulemiljø ute		Skulen har for lite uteareal. Ein bør jobbe for ei arealutviding så raskt som råd er.
Miljøfremjande tiltak	Skulen arrangerer turdagar med fokus på trivsel, aktivitetsdag, fotballturnering, skidag for dei eldste elevane, blime-dans, gla-time, zero-show.	Alle desse tiltaka er medverkande til god trivsel hos elevane.
IKT for elevane	Skulen ønskjer å vere rundt landssnittet når det gjeld elevar pr. pc.	Skulen fekk hausten 2014 kjøpt inn eit klassesett med bærpere pcar. Vi har nå to sett. Vi bør på sikt kjøpe to sett til. Med dagens status kan kvar klasse nytte pc litt over to timar i veka.

Eleven sitt læringsutbytte

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Undervegsvurdering	Alle føresette skal ha tilgang til undervegsvurdering i Visma Flyt	Skulen brukar Visma Flyt skole til skriving av vurderingar til utviklingssamtalane. I år har vi gjort desse vurderingane tilgjengelege for føresette og formidla ei forventning om at føresette har lese gjennom vurderinga før utviklingssamtalen. For oss har dette vore positivt og ein har fått meir ro rundt samtalen ettersom ein ikkje må formidle mykje informasjon på veldig kort tid.
Sluttvurdering		
Leksehjelp	Skulen har skuleåret 2014/2015 tilbydd leksehjelp to timar i vaka for alle elevane på 3. og 4. trinn.	Vi ser at dei minste elevane har lite utbytte av leksehjelp. Dei treng ein vaksen som har tid til å setje seg ned saman med dei og gå gjennom oppgåvene. Frå skuleåret 2015/2016 tilbyr vi leksehjelp for 4.-7. klasse. Vi meiner desse elevane vil ha meir igjen for leksehjelpa enn dei minste.
Særskilt språkopplæring	Målet med særskilt språkopplæring er at elevane skal kunne følgje ordinær opplæring.	Skuleåret 2014-2015 har skulen hatt 23 elevar som har hatt særskilt språkopplæring. Skulen har til saman brukt 24 timar i veka på dette elevane. Av dette har 3 elevar gått over i ordinær opplæring. Det er ønskeleg at dette talet er høgare, men det er vanskeleg å føresei utviklinga til elevane.
Spesialundervisning	Målet med spesialundervisninga er at elevane som får det får eit likeverd opplæringstilbod.	Skuleåret 2014/2015 var det 45 elevar som fekk spesialundervisning på Sagstad skule. Dette utgjer 12,57% av elevane på skulen. Skulen kjem til å ha fokus på å få ned andelen elevar med spesialundervisning.
Lokalt læreplanarbeid	Skulen har som mål å lage nye lokale læreplanar/årsplanar i alle fag der dei grunnleggjande dugleikane får meir fokus.	Arbeidet er godt i gang. Nokre fag er ferdig og resten forventast ferdigstilt hausten 2015.

Faglege resultat		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Nasjonale prøvar	Skulen har som mål å vere over nasjonalt snitt på nasjonale prøvar etter 2015.	Resultata av prøvane viser at vi er på riktig veg. Sagstad ligg på landsgjennomsnittet i engelsk og lesing. Når det gjeld rekning ligg vi like under snittet. Målet er å få flest mogeleg opp på nivå 3 på desse prøvane. Når det gjeld lesing har vi mange på dette nivået. Skulen har dei siste åra satsa mykje på leseopplæringa på dei lavaste trinna. I rekning og engelsk har vi mange elevar på nivå 2. For å betre dette resultatet ynskjer skulen å satse meir på den første rekneopplæringa.
Eksamen		
Grunnskulepoeng		

Medarbeidarar		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Etterutdanning	Førstehjelpskurs regelmessig for alle tilsette	Førstehjelpskurs gjennomført med alle hausten 2014.
Vidareutdanning	Skulen har hatt 3 lærarar på vidareutdanning skuleåret 2014/2015. Det er ønskeleg å få vidareutdanna lærarar kvart år i tråd med kompetanseutviklingsplanen til skulen.	Skulen ser det som viktig at vi får fagleg påfyll i høve til ny og forskningsbasert kunnskap og elevane si læring i dei prioriterte faga.
Leiarutdanning		
Utviklingsarbeid	Utviklingsarbeid 2014/2015 har vært Zero og årsplanar.	Skulen har jobba godt med dette. Zeroplanen er i bruk og årsplanar er godt undervegs.
Medarbeidarundersøkinga	Ikkje prioritert i år	
IKT	Bærbar pc til alle tilsette. Kunnskap om bruk av digitale verktøy i skulekvardagen	Alle tilsette har eigen bærbar pc. Skulen driv noko intern opplæring i bruk av verktøya lærarane treng på Sagstad skule.

Kompetanseutvikling		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Leiaropplæring,	Rektor har gjennomført	

skuleleiarar	Rektorskulen hausten 2014.	
Pedagogar	Skulen ønskjer å drive skulebasert kompetanseutvikling. Skulen ønskjer å sende lærarar på forlagskurs for å få fagleg påfyll.	Sånn som arbeidstida til lærarane har vore organisert har det vore vanskeleg å få til kompetanseutvikling innad i organisasjonen. Dette vil bli organisert på ein annan måte neste skuleår. Å sende lærarane på kurs er vanskeleg med eit lite kursbudsjett. Neste skuleår vil vi prøve å løyse dette ved hjelp av intern omorganisering når lærarane skal på kurs.
Andre tilsette	Skulen har hatt 4 assistentar/fagarbeidarar på kveldskule i kurset «Spesialpedagogikk»	Skulen ser god nytte i kompetanseheving for assistentar. Dei er ofte dei som kjem tettast på og har flest timar med mange av borna som har spesialundervisning.

Vurdering av andre område

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)	Skulen har mål om eit godt samarbeid med eksterne samarbeidspartar.	Ingen merknader.
Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte)	Skulen legg opp til eit godt samarbeid med heimen.	Vi har fokus på skule-heim samarbeid på foreldremøtet om hausten. Fram til no har skulen hatt eit foreldremøte i året. Vi ser at det har vore for lite, og går over til to gonger i året frå og med skuleåret 2015/2016.
Rådsorgan ved skulen.		Skulen har eit godt samarbeid med FAU. SU/SMU har regelmessige møter.
Undervisning på alternativ opplæringsarena.		Skulen har ein elev på alternativ opplæringsarena. Samarbeidet der fungerer godt.

Skulefritidsordninga

Tema	Mål/tiltak, aktivitet	Resultat/vurdering
Fysiske tilhøve		SFO lokala er for små. Skulen nyttar klasserom for å ha nok areal. Liten plass gjev oss og utfordringar i høve til spising for

		<p>borna. Det har vore vanskar men at alle får tid til å spise før dei går heim. Skulen har gjort endringar i skuletida for neste år som vil løyse noko av problemet med spisetid. Det er ikkje tenkt utviding av SFO i samband med utbygging.</p>
Personalsituasjon	Målet er 1 vaksen pr 16 born.	<p>Som utgangspunkt har SFO nok folk på jobb. SFO har elevar med særskilde behov som treng tett vaksenkontakt. Vi har hatt vanskar med å ha denne bemanninga i praksis. Det ser betre ut for skuleåret 2015/2016.</p>
Samarbeid SFO og skule		<p>Skule og SFO har eit godt samarbeid.</p>

Dato: 28.08.15 Underskrift rektor: Magne Lædre (s)